



MESTERHUS
– det blir som avtalt

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

HJELMÅS, 18.05.2016


Redegjørelse ang. støytiltak / byggegrense mot veg – gbnr. 214/126

Me viser til kommunikasjon mellom oss, Lindås Kommune og Statens Vegvesen i denne saka, siste brev frå STV datert 04/11-2015 – STV sitt ref. nr. 15/209649-2. Med tillegg av svar på nabovarsel frå STV datert 06/06-16 STV sinn sak nr. 16/70950.

For at kommunen og Statens Vegvesen skal kunna ta stilling i saka sender me ein redegjørelse for korleis ein har tenkt å tilpassa prosjektet for å oppretthalda tilfredstillande støynivå på både ute og inne areal.

For utarbeiding av dette har me støtta oss på dokumentasjon som beskrive seinare i brevet, samt opplysningar og vedtak i byggesak på gbnr 212/93 – sak nr 280/15.

Som kartutsnitt under syner ligg heile bustaden i gul sone, medan sør-vestre del av eigedomen ligg i raud sone. Ein stor del av uteoppshaldsarealet er tenkt tilrettelagt på nord og nord-vestre del av eigedommen, altså i gul sone. Det er tenkt etablering av støyskjerm som strekkjer seg frå eigedomsgrensa og ca 1 meter lengre sør en hushjørna slik at ein med kombinasjon av vegg og huset, skjermar heile nord og nord-vest sida av eigedomen. Plassering av skjerm vist på vedlagt situasjonsplan D1-2.



Kartutsnitt med støysoner.



Utsnitt frå situasjonsplan vedlagt søknaden.

Konkrete tiltak for å ivareta eit tilfredstillande støynivå både ute og inne vil være:

Kålås & Sonnev
BYGGEVAREHANDEL



MESTERHUS

– det blir som avtalt

- Vegg i tilbygg, samt i eksisterande bygg, vil bli utført som «Yttervegg med to hulrom». Beskrive i byggforsk blad 523.422.
- Vindaug i tilbygg, samt eksisterande del, vil bli utført som beskrevet i byggforsk datablad 533.109 tabell 62. «to lags vindu med isolerglass, med laminert glass på en side.»
- Skjermvegg mot støy monterert i bakkant på tørkehus, oppført i ein slik lengde at den mot sør strekk seg ca. 1 meter forbi hushjørna. Høgde 1,5 meter.

Grenseverdien som er lagt til grunn er henta frå byggforsk 421.421, tabell 52, som viser nedre grenseverdig for gul sone ved støy frå utendørs kjelde = klasse C.

Gul sone tilsvara grenseverdien angitt i tabell 513 i same blad. Når lyd kjelde er veg er grenseverdi for lyd nivå på ute plass og utanfor rom med støyfølsam bruk 55dB.

Nødvendig lydisolasjonsverdi R_w+C_{tr} til ytterveggen, for å oppnå 30dB innendørs, vil være 38 når veggen har minst 10dB bedre lydisolasjonsverdi en vinduet.

Desse tiltaka vil så langt me kan sjå tilfredstilla krava om 30dB lydnivå innandørs, samt ivareta eit uteopphaldsareal av tilstrekkeleg størrelse og med tilfredstillande støynivå på både nord og nord-vest sida av huset.

Ein stor positiv effekt me meiner må vektleggjast i vurderingane, som og er viktig for tiltakshavar, er at ein ved gjennomføring av prosjektet oppnår betydeleg forbetring av støynivået i forhold til dagens situasjon. Bustaden er i frå 1970 og er ikkje bygde med særleg fokus på støynivå, og med betydelege tynnare veggar samt store luft (lyd) lekkasjar. Dagens tekniske løysingar for reduksjon av støy gjev ein heilt anna effekt en det som var tilfelle den gong, og vil forbetra situasjonen betydeleg.

Ved å gjennomføra tiltaket og inkludera støytiltaka også på den eksisterande delen, vil ein i realiteten sikra eit lågare støynivå og eit langt betre bumiljø en det som er status på bustaden pr. i dag.

Ein viser elles til T-1442/2012 side 11 kor det står beskrive at kommunen kan tillata ombygging i raud sone dersom det ikkje medfører auke i buenheter. I dette tilfelle ligg bustaden og store delar av utearealet i gul sone.

Med vennleg helsing

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Lars Alvær Hagesæter
Ansvarleg søkjar

Kålås & Sønn
BYGGEVAREHANDEL